



Blom Fiskeoppdrett AS

## Endring av løyve til Blom Fiskeoppdrett AS permanent løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland kommune

**Blom Fiskeoppdrett AS får vidareført utsleppsløyvet for matfiskoppdrett av laks og aure på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland kommune. Utsleppsløyvet er avgrensa til 2.340 tonn MTB, basert på driftserfaringa (biomasseproduksjon) frå 2016-utsettet.**

**Neste MOM C-gransking blir ved maksimal belastning i 2019.**

Vi viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS datert 13. desember 2017 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 18. desember 2017. Blom Fiskeoppdrett AS søker om å få permanent utsleppsløyve for matfiskoppdrett av laks og aure på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland kommune. Lokaliteten Kjeppvikholmen har vore i drift i lang tid. Anlegget vart flytta på i 2015 for å betre driftstilhøva og miljøpåverknaden, jf Fylkesmannen sitt vedtak 1. oktober 2015.

### Bakgrunn for søknaden:

Blom fiskeoppdrett AS fekk tidsavgrensa (mellombels) utsleppsløyve på lokaliteten Kjeppvikholmen då det vart søkt om flytting av anlegget og utskifting av stålanlegg med nytt plastringsanlegg. MOM B granskingane på lokaliteten hadde synt tilstandsklasse 4.

Utsleppsløyvet frå 1. oktober 2015 har desse vilkåra:

*Blom Fiskeoppdrett AS får mellombels løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 2.340 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.*

*Løyvet er gjort mellombels for ein periode på 2,5 år, eller for gjennomføring av ein generasjon etter flytting av anlegget til ny lokalisering. Løyvet kan bli forlenga når det kan dokumenterast at lokaliteten har bæreevne for denne produksjonen.*

*Lokaliteten Kjeppvikholmen er blitt forureina med kopar og Blom Fiskeoppdrett AS må syne at dei gjer endringar i driftsrutinar og/eller utstyr som vil redusere desse utsleppa.*


## MOM granskingane på Kjeppvikholmen

MOM B granskinga i mars 2017 synte tilstandsklasse 3 og ein skåre på 2,63. På prøvetidspunktet var biomassen i anlegget 1.428 tonn. Dette var og den høgaste biomassen på noko tidspunkt gjennom produksjonen. Samla biomasseproduksjon 2.556 tonn for 2016 utsett. Etter ca. 6 mnd brakklegging vart det gjort ny MOM B, og tilstandsklassen synte då tilstandsklasse 1 og ein skåre på 0,85.


Flytting av anlegget ser ikkje ut til å ha ført til særleg betring på skåren på MOM B granskinga når ein tar med i vurderinga at produksjonen etter flytting har vore lågare. Men den nye plassering av anlegget har ført til at lokaliteten ser ut til å ha betre evne til å ta seg inn att, nok som ikkje var tilfelle ved den førre plasseringa, jf. figur 2.

Ein skåre på MOM B på 2,63 med den produksjonen som har vore kan tyde på at lokaliteten ikkje toler så mykje høgare produksjon enn den som har vore. Vi ser heller ikkje noko klår effekt av å auke arealbruken ved overgang frå stålanlegg til plastringanlegg.

Figur 1: MOM B granskingane på lokaliteten Kjeppvikholmen etter flyttinga.



Figur 2: MOM B granskingane på lokaliteten Kjeppvikholmen før flyttinga.



MOM C granskinga frå 2015 vart gjort som del av forundersøking før anlegget vart flytta til noverande plassering. Prøvetakingspunkta S1 til S3 ligg 350 til vel 750 meter frå anlegget som var i drift den gongen. I rapporten har konsulenten nytta kriteria for nærstasjonen i NS9410-2007 for karakterisering av miljøtilstand på prøvepunkt S1 og S2. Prøvepunkt som ligg 350 og 500 m frå anlegget skal ikkje karakteriserast etter NS9410. I NS9410-2016 er dette blitt tydeleg presisert. Konklusjonen i rapporten om at stasjon 1 og 2 lokaliteten har «særs god» miljøtilstand er difor ikkje rett.

Granskinga syner at den sedimentgravande botnfaunaen er påverka, alle tre stasjonar hamnar i tilstandsklasse «moderat» målt etter H' (Shannon Wiener diversitetsindeks). Den samla indeksen nEQR hamnar i tilstandsklasse «god» på dei fleste stasjonane, men med liten margin. Det må leggest til at den påverknaden på botnfauna vi ser her er den same som vi ser på mange andre stader i Byfjorden. Ein art av børstemakk (*Pseudopolydora*), som blir rekna som ein opportunistisk art, førekjem i stort tal og utgjer 49% av individa i prøven. Samstundes ser vi at både tal artar og tal individ er høgare på stasjonane nærast anlegget.

Stasjon	Grabb 1		Grabb 2		Shannon -Wiener diversitetsindeks	nEQR $\bar{G}$	nEQR $\bar{S}$
	Artar	Individ	Artar	Individ			
S1	46	936	39	654	2,91	0,627	0,632
S2	32	362	35	721	2,46	0,598	0,604
S3	17	105	20	162	2,89	0,610	0,621

Då MOM C-granskinga frå 2015 ikkje er i samsvar med gjeldande NS9410 samstundes som granskinga syner at det har vore påverknad frå anlegget, vil frekvens for neste gransking måtte settast til 4 år, jf tabellar 4 og 6 i NS9410-2016.

Fjordsystema rundt Bergen, der Herdla fjorden inngår, har synt nedgang i miljøtilstand dei siste åra. Dette skuldast både utslepp til fjordsystemet og klimakrisen. Temperaturen i fjordsystemet har stige om lag 1 grad dei siste 30 åra.

### Bæreevna på lokaliteten

Flytting av lokaliteten har ikkje ført til betra resultat på MOM B-granskinga ved maksimal belastning når ein tar med i vurderinga at det har vore lågare produksjon på 2014 utsett. Tilstandsklasse 4 vart nådd etter ein biomasseproduksjon på over 4000 tonn. Etter flytting var biomasseproduksjon om lag 2500 tonn. Det som har endre seg er lokaliteten sin evne til restitusjon.

Blom Fiskeoppdrett AS har synt at det er mogleg å ha ein biomasseproduksjon på om lag 2.500 tonn utan at miljøgranskinga syner uakseptabel tilstand.

### Tiltak for å redusere koparutslepp

Utvida MOM B-gransking frå april 2015 synte at lokaliteten var forureina av kopar. Blom fiskeoppdrett fekk vilkår om å gjere tiltak for å redusere desse utsleppa. Dei skriv i søknaden at dei har gjort tiltak for å redusere utslepp av kopar. Tiltaka går ut på å nytte større smolt for

kortare produksjonstid i sjø, bruk av nøter med større maskevidde og notskift framfor spyling. Målet er å unngå spyling av nøter i sjø og dermed redusere utslepp av kopar.

Dersom Blom Fiskeoppdrett AS nyttar koparimpregnerte nøter og foretar spyling av desse i sjø, er det ein føresetnad at det blir følgt opp med å gjennomføre måling av kopar i sedimentet samstundes som det blir gjort MOM B -granskingar på maksimal produksjon, jf. punk 3.4 i utsleppsløyvet.

### **Utsleppsløyve**

Dagens forvaltingsregime for matfiskproduksjon i sjø er å gje løyve til maksimal tillaten biomasse (MTB) i anlegget. Diverre er MTB som styringsparameter for eit utsleppsløyve eit lite presist mål på kor store utsleppa frå anlegget blir. Det er stor variasjon mellom MTB og faktisk produksjon, avhengig av korleis anlegget vert drifta. I snitt produserer eit matfiskanlegg i Hordaland 1,5 gonger så mykje som den gjevne lokalitets-MTB'en. For 2016 utsett på Kjeppvikholmen vart det produsert 2.556 tonn med ein maksimal biomasse på 1.458 tonn. Det gir ein biomasseproduksjon som er 1,09 gonger MTB. Siste produksjon har altså vore lågare enn det ein statistisk sett kunne forvente innafor den gjevne MTB-ramma. For 2014-utsett var biomasseproduksjonen 4.265 tonn (alle tal henta frå Altinn), noko som tilsvarer 1,82 gonger MTB. Nabolokaliteten Laksevika hadde for 2014-utsett ein biomasseproduksjon på 4.142 tonn på ein lokalitets-MTB på 1.560 tonn. Dette tilsvarer ein biomasseproduksjon som er 2,66 gonger lokalitets-MTB.

Gjeldande måte å avgrense eit utsleppsløyve for matfiskproduksjon i sjø seier lite om kor stor produksjonen og utsleppa på lokaliteten faktisk kan kome til å bli. Storleik på utsleppet heng saman med produksjonsstrategi. Utsett av smolt i fleire omgangar og omfattande sortering og utslakting over lang tid fører til høg produksjon utan at lokalitets-MTB blir overskride. Lokaliteten Kjeppvikholmen hadde for 2016-utsett ein produksjon som var 1,09 gonger lokalitets-MTB. Likevel var den lokale miljøpåverknaden markert, med tilstandsklasse 3 og ein skåre på 2,68. Det ser ikkje ut til at lokaliteten Kjeppvikholmen toler ein høgare produksjon enn den som har vore på 2016 - utsett. Høgaste biomasse i anlegget i siste produksjonssyklus var om lag 1.700 tonn

### *Naturmangfald*

Denne saka gjeld vidareføring av eksisterande løyve. Det kjem ingen ny aktivitet på lokaliteten. Saka har tidlegare vore vurdert etter naturmangfaldlova, jf vårt vedtak 1. oktober 2015.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og MOM-B- og MOM C-undersøkingar og resipientgranskingar i fjordane rundt Bergen. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf naturmangfaldlova § 8.

Den samla belastninga på resipienten Herdla fjorden blir uendra (naturmangfaldlova § 10) då dette er ei vidareføring av eksisterande løyve.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf naturmangfaldlova § 11.

Blom Fiskeoppdrett AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

### **Vurdering**

Siste produksjon på lokaliteten Kjeppvikholmen syner kva som er bæreevna for lokaliteten. Når skåren på MOM B-granskinga kjem opp i 2,68 etter ei samla biomasseproduksjon tyder det på at det ut frå desse resultatata ikkje vil vere forsvarleg å auke biomasseproduksjonen.

Utviklinga i næringa går i retning av å nytte større smolt og ha kortare produksjonstid i sjø. Det kan innebære at det vil vere trong for å ha ein høgare biomasse ståande i eit kortare tidsrom enn det som har vore vanleg produksjonsstrategi. Blom Fiskeoppdrett AS har ansvar for å planlegge produksjonen slik at miljøtilstanden på lokaliteten og for framtida er berekraftig.

Når Fylkesmannen gir løyve til vidareføring av utsleppsløyvet på Kjeppvikholmen med ei avgrensing på 2.340 tonn MTB, er det for ikkje å legge føringar på produksjonsstrategien for anlegget. Blom Fiskeoppdrett AS må tilpasse produksjonen lokaliteten sin bæreevne og nytte dei driftserfaringane der har gjort.

### **Konklusjon**

Blom Fiskeoppdrett AS får vidareført utsleppsløyvet for matfiskoppdrett av laks og aure på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland kommune. Utsleppsløyvet er avgrensa til 2.340 tonn MTB, basert på driftserfaringa (biomasseproduksjon) frå 2016-utsettet.

Neste MOM C-gransking blir ved maksimal belastning i 2019.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen sit arbeid med handsaming av søknadar om nye løyve og endring av løyve er omfatta av ei gebyrordning. Verksemda skal betale eit gebyr på kr 12 800,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. forskrift om avgrensing av forureining av 01.06.04 kapittel 39. Faktura vil bli sendt frå Miljødirektoratet.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

### **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

### **Klage**

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er

come fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunnjevast. Andre opplysningar av betydning for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Julie Marie Andersen  
overingeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen